



## Prosjektplan for Kartlegging av friluftslivets ferdelsårer



### Innhold:

<b>1</b>	<b>Bakgrunn .....</b>	<b>2</b>
<b>2</b>	<b>Mål for arbeidet.....</b>	<b>2</b>
<b>3</b>	<b>Avgrensing av arbeidet .....</b>	<b>2</b>
3.1	Tematisk:.....	2
3.2	Geografisk: .....	2
3.3	Organisatorisk forankring .....	2
<b>4</b>	<b>Organisering av arbeidet .....</b>	<b>2</b>
<b>5</b>	<b>Økonomi.....</b>	<b>3</b>
<b>6</b>	<b>Medverknad .....</b>	<b>3</b>
<b>7</b>	<b>Innarbeiding i kommunen sitt planverk.....</b>	<b>3</b>
<b>8</b>	<b>Annan etterbruk .....</b>	<b>3</b>
<b>9</b>	<b>Framdriftsplan .....</b>	<b>4</b>



## 1 Bakgrunn

Arbeidet er forankra i Teknisk utval sak PS 143/21 vedteke 09.12.2021.

## 2 Mål for arbeidet

Det overordna målet med prosjektet er å identifisere, ivareta, og utvikle friluftslivets ferdsselsårer for å sikre eit attraktivt tilbod til befolkninga med tanke på folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv.

Effektmål:

- Auka fysisk aktivitet og betre helse i befolkninga
- Gjere kvardagsturen til eit omgrep i Ulstein kommune.
- Auka miljøomsyn gjennom færre og kortare fritidsreiser med privatbil i kvardagen.
- Sikre berekraftige og miljøvenlege ferdsselsårer.

Resultatmål:

- Alle skular, barnehagar og eldresenter skal ha ein turveg/sti eller turrute tilpassa deira bruk i nærområdet.
- Tydeleg skilting og merking av turruter.
- Lett tilgjengelege og samanhengande turnettverk i nærområdet, maks 500 m til startpunkt frå tettbebyggelsen.
- God parkering i tilknyting til turrutene.
- Få oversikt over eksisterande snarvegar og legge til rette for å sikre desse gjennom plan.
- Varierte turmål tilpassa ulike brukargrupper. Minst to universelt utforma turmål.
- Minst 2 padleruter som er graderte i hht «Veileder for ro- og padleruter»
- Tilgjengelege turkart på nett som vert søkt opp av mange. Alle turruter i kommunen skal leggast inn i Nasjonal base for tur- og friluftsruter. ( og gjerne andre tursider som morotur.no, ut.no, Wikiloc m.fl.)

## 3 Avgrensing av arbeidet

### 3.1 Tematisk:

Kartlegging av friluftslivets ferdsselsårer skal omhandle følgjande bruk: fotturar, ev. skiturar, sykling, riding og padling. Ferdsselsårene som vert teke med i planen skal vere mykje brukt, eller av andre årsaker vere godt kjende.

Element som elles skal kartleggast er kvilebenkar, gapahukar, bålpassar, drikkevasskjelder, utsiktpunkt, parkering, sjåverdigheiter og liknande.

### 3.2 Geografisk:

Kartlegging av friluftslivets ferdsselsårer skal ta for seg heile kommunen.

### 3.3 Organisatorisk forankring

Kommunedirektøren er prosjekteigar. Ans�aret for arbeidet leggast til plan- og bygningsavdelinga som har ansvar for den praktiske gjennomføringa.

## 4 Organisering av arbeidet

Arbeidet organiserast som et prosjekt med følgande organisering:

**Styringsgruppe:** Ulstein planforum

**Prosjektleiar:** Anita Sundnes

**Prosjektgruppe:**

Ingeniør miljøvern: Arild Støylen (nestleiar)

GIS-ingeniør: Oda Jonette Hofset

Planleggar: Cecilie Roppen

Folkehelsekoordinator: Kristine Dale (ut februar – ny tilsett kjem inn)



## Ressurspersonar/-grupper:

Kultursjef Leif Ringstad

Sunnmøre Friluftsråd

Skular/barnehagar

Ungdomsrådet

Fellesrådet

Trimgruppa i IL Hødd

Trimgruppa Hasundgot IL

Trimgruppa i Haddal IL

Flø IL

Eiksund grändalag

Herøy kajakklubb

Rideklubben

Sykkelklubben

Ulstein og Hareid jeger- og fiskarforeining

.....

Område der ikkje idrettslag eller utmarkslag eksistere vil andre relevante lag og foreiningar bli kontakta. Arbeidsgruppa møtast ved dei punkta som er sett i framdriftsplanen. Arbeidsgruppa kan trekke inn ressurspersonar ved behov.

## 5 Økonomi

Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt kr 50.000 i tilskot til prosjektet. Kostnadene i prosjektet vil vere knytt til medverknad og kommunikasjon samt tidsbruk for administrasjonen.

## 6 Medverknad

Oppstart skal annonserast på kommunen sin facebook- og nettside. I annonseringa skal det vere ei kort forklaring av kva målet med arbeidet er og korleis ein har tenkt gjennomføringa. Det skal også komme klart fram at alle er velkomne til å kome med innspel og kommentarar undervegs. Under kartlegginga av nosituasjonen skal det arrangerast møte med aktive velforeiningar, idrettslag og

grunneigarlag som har god oversikt over ferdselsårene. Aktuelle organisasjoner kontaktast direkte for å sikre at kjent kunnskap er kartfesta. Under arbeidet med vurdering av tiltak leggast det opp til dialogbaserte medverknadsmetoder hjå dei same som var involvert i kartlegginga av nosituasjonen. I tillegg skal grunneigarar og interessenatar som vert særleg røyrd av eventuelle nye forslag, gjevast anledning til å delta i arbeidet og påverke resultatet. Høyring sendast som eit minimum ut til dei som har vore involvert i arbeidet som ein kvalitetssjekk på ferdig kartlegging med tiltaksanbefaling. Planen vert også lagt ut til offentleg ettersyn.

Det digitale verktøyet for medverknad **OpenCities Planner** skal nyttast der det er hensiktsmessig.

## 7 Innarbeiding i kommunen sitt planverk

Resultata frå «Plan for kartlegging av friluftslivets ferdselsårer» skal innarbeidast i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet og gjevast sin planforankring der.

## 8 Annan etterbruk

Planen skal gi ei oversikt over stiar og løyper som eksisterer, bidra til tilrettelegging for nærturar og til å kanalisere ferdsel av omsyn til sårbart naturmangfold. Planen kan danne grunnlag for utarbeiding av turkart. Planen skal vidare gi grunnlag for val av kva ferdselsårer og friluftsområde, som bør vidareutviklast, eventuelt nyetablerast. Planen vil også gi eit betre grunnlag for tilskotssøknadar om ekstern finansiering.

Kartlegginga vil også danne kunnskapsgrunnlag ved rullering av kommuneplanens arealdel og nyttast i kommunen sin sakshandsaming.

Prosjektplanen er godkjend av:

Verner Larsen, Kommunedirektør

17.02.2022




## Prosjektplan for Kartlegging av friluftslivets ferdelsårer



### Innhold:

<b>1</b>	<b>Bakgrunn.....</b>	<b>2</b>
<b>2</b>	<b>Mål for arbeidet .....</b>	<b>2</b>
<b>3</b>	<b>Avgrensing av arbeidet.....</b>	<b>2</b>
3.1	Tematisk:.....	2
3.2	Geografisk: .....	2
3.3	Organisatorisk forankring .....	2
<b>4</b>	<b>Organisering av arbeidet .....</b>	<b>3</b>
<b>5</b>	<b>Økonomi.....</b>	<b>3</b>
<b>6</b>	<b>Medverknad .....</b>	<b>3</b>
<b>7</b>	<b>Innarbeiding i kommunen sitt planverk .....</b>	<b>4</b>
<b>8</b>	<b>Annan etterbruk .....</b>	<b>4</b>
<b>9</b>	<b>Framdriftsplan.....</b>	<b>5</b>





## 1 Bakgrunn

Hareid kommune har eit unikt friluftsområde. Området brukast aktivt av innbyggjarane og tilreisande. Fleire av ferdsselsårene krysser kommunegrensa til Ulstein kommune. I 2018 vart friluftsområder i kommunen kartlagt, og frå 2022 er kommunen ein del av Stikk-Utl. Hareid kommune sitt fokus på friluftslivets ferdsselsårer må sjåast i samband med verdiar knytta til bolyst (folkehelsea - kultur - landskap).

Folkehelsekoordinator sökte og fekk i juni 2022 innvilga kr 50000,- i prosjektmidlar frå fylkeskommunen til Plan for friluftslivets ferdsselsårer. Målet var å gjennomføre kartfesting av rutenett og utarbeide plan for friluftslivets ferdsselsårer.

Plan-avdelinga i Hareid kommune har ikkje hatt kapasitet til å bistå i arbeidet, og det har difor lagt på vent. No er det oppretta eit samarbeid med Ulstein kommune der det kan utarbeidast ein felles plan for heile Hareidlandet. Det vil vere formålstenleg ettersom mange av ferdsselsårene går på tvers av kommunegrensene.

Det er avklart med fylkeskommunen at ein felles plan vil bli godkjent.

## 2 Mål for arbeidet

Det overordna målet med prosjektet er å identifisere, ivareta, og utvikle friluftslivets ferdsselsårer for å sikre eit attraktivt tilbod til befolkninga med tanke på folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv. Vi vil utarbeide ein felles plan for Hareidlandet i samarbeid med Ulstein kommune, men med kvar vår tiltaksplan.

### **Effektmål:**

- Auka fysisk aktivitet og betre helse i befolkninga
- Gjere kvardagsturen til eit omgrep i Hareid kommune.
- Auka miljøomsyn gjennom færre og kortare fritidsreiser med privatbil i kvardagen.
- Sikre berekraftige og miljøvenlege ferdsselsårer.

### **Resultatmål:**

- Alle skular, barnehagar og eldresenter skal ha ein turveg/sti eller turrute tilpassa deira bruk i nærområdet.
- Tydeleg skilting og merking av turruter.
- Lett tilgjengelege og samanhengande turnettverk i nærområdet, maks 500 m til startpunkt frå tettbebyggelsen.
- God parkering i tilknyting til turrutene.
- Få oversikt over eksisterande snarvegar og legge til rette for å sikre desse gjennom plan.
- Varierte turmål tilpassa ulike brukargrupper. Minst to universelt utforma turmål.
- 1-2 padleleder som er graderte i hht «Veileder for ro- og padleruter»
- Tilgjengelege turkart på nett som vert søkt opp av mange. Alle turruter i kommunen skal leggast inn i Nasjonal base for tur- og friluftsruter. ( og gjerne andre tursider som morotur.no, ut.no, Wikiloc m.fl.)

## 3 Avgrensing av arbeidet

### **3.1 Tematisk:**

Kartlegging av friluftslivets ferdsselsårer skal omhandle følgjande bruk: fotturar, ev. skiturar, sykling, riding og padling. Ferdsselsårene som vert teke med i planen skal vere mykje brukt, eller av andre årsaker vere godt kjende.

Element som elles skal kartleggast er kvilebenkar, gapahukar, bållassar, drikkevasskjelder, utsiktpunkt, parkering, sjåverdigheter og liknande.

### **3.2 Geografisk:**

Kartlegging av friluftslivets ferdsselsårer skal ta for seg heile Hareidlandet. Arbeidet skjer i tett samarbeid med Ulstein kommune.

### **3.3 Organisatorisk forankring**

Kommunedirektøren er prosjekteigar. Ansvaret for arbeidet leggast til eining for næring, kultur og busetting som har ansvar for den praktiske gjennomføringa.



## 4 Organisering av arbeidet

Arbeidet organiserast som et prosjekt med følgande organisering:

### Styringsgruppe:

Strategisk planforum i Hareid kommune

**Prosjektleiar:** Folkehelsekoordinator, pr dags dato  
Silje Kiperberg Aksnes

### Prosjektgruppe (felles med Ulstein kommune):

Prosjektleiar Ulstein: Anita Sundnes

Ingeniør miljøvern: Arild Støylen

GIS-ingeniør: Oda Jonette Hofset

Planleggar: Cecilie Roppen

### Døme på ressurspersonar/-grupper:

Sunnmøre Friluftsråd

Skular/barnehagar

Hareid Rotaryklubb

Lions

Hareid sanitet

Hareid Ride og køyrekubb

Sykkelklubben

Hareid og Ulstein jeger- og fiskarforeining

Velforeiningar/grendalag

Hareidlandet Triatlon

Hareid IL Trimgruppa

Hjørungavåg IL Trimgruppa

Brandal IL

Naturvernforbundet på Søre Sunnmøre

Hafest

Nordvest maraton

Ildsjeler/private ressurspersonar

Område der ikkje idrettslag eller utmarksdrag eksistere vil andre relevante lag og foreiningar bli kontaktar. Arbeidsgruppa møtast ved dei punkta som er sett i framdriftsplanen. Arbeidsgruppa kan trekke inn ressurspersonar ved behov.

## 5 Økonomi

Folkehelsekoordinator søkte og fekk innvilga kr 50.000 i tilskot til prosjektet i 2022 frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Kostnadene i prosjektet vil vere knytt til medverknad og kommunikasjon, timebetaling for GIS-ingeniør i Ulstein kommune, samt tidsbruk for administrasjonen.

## 6 Medverknad

Oppstart skal annonserast på kommunen sin facebook- og nettside. I annonseringa skal det vere ei kort forklaring av kva målet med arbeidet er og korleis ein har tenkt gjennomføringa. Det skal også komme klart fram at alle er velkomne til å kome med innspel og kommentarar undervegs. Under kartlegginga av nosituasjonen er det arrangert eit møte med idrettslag, grunneigarlag og andre som har god oversikt over ferdselsårene. Aktuelle organisasjonar kontaktast direkte for å sikre at kjent kunnskap er kartfesta. Under arbeidet med vurdering av tiltak leggast det opp til dialogbaserte medverknadsmetoder hjå dei same som var involvert i kartlegginga av nosituasjonen. I tillegg skal grunneigarar og interessentar som vert særleg røyrd av eventuelle nye forslag, gjevast anledning til å delta i arbeidet og påverke resultatet. Høyring sendast som eit minimum ut til dei som har vore involvert i arbeidet som ein kvalitetssjekk på ferdig kartlegging med tiltaksanbefaling. Planen vert også lagt ut til offentleg ettersyn.

Det digitale kartverktøyet for medverknad, Esri, skal nyttast for innspel/kommentarar. Her kan alle innbyggjarar gå inn og gi innspel. Fylkeskommunen vil bistå med tilpassing av dette verktøyet for Hareid og Ulstein kommunar.



## 7 Innarbeiding i kommunen sitt planverk

Resultata frå «Plan for kartlegging av friluftslivets ferdsselsårer» kan innarbeidast i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet og gjevast sin planforankring der.

## 8 Annan etterbruk

Planen skal gi ei oversikt over stiar og løyper som eksisterer, bidra til tilrettelegging for nærturar og til å kanalisere ferdsel av omsyn til sårbart naturmangfald. Planen kan danne grunnlag for utarbeiding av turkart. Planen kan vidare gi grunnlag for val av kva ferdsselsårer og friluftsområde, som bør vidareutviklast, eventuelt nyetablerast. Planen vil også gi eit betre grunnlag for tilskotssøknadar om ekstern finansiering.

Kartlegginga vil også danne kunnskapsgrunnlag ved rullering av kommuneplanens arealdel og nyttast i kommunen sin sakshandsaming.

